

## Holme (gnr. 52)

Holme: Gardnamn som kjem av naturnamnet holme, fleirtal: holmar. Det eldste ein finn namnet i skrivne kjelder frå Fåberg er i eit diplom av 1339 (avskrift av 1439). Der er det nemnt ein mann ved namn Agmunder a Holmun, som var med og bekrefte brevet. I det ofte omtale Fåberg-brevet av 1442 er skrivemåten Holmer, som truleg og er fleirtalsforma. Skriveforma Holme, var kome i bruk i 1528, og har seinare vore ei uvanleg stø form med få avvik. Grunnen til det er sikkert at ho heilt fell saman med uttalen i bygdamålet, dom og er Holme.

Brukaren på garden i 1528 var Tord Holme. Han var da med å svara ekstraskatten Gjengjerden med 1/3 kvintin sølv. Femti år seinare var Holme vorte krongods etter før å ha vore kyrkjegods. Garden var da på storleik som den eine av Langset-gardane. I 1604 finn ein atter namnet skrivi Holmene, og korntienda vart da utreidd med 2 tdr. bygg, som t. d. av grannegarden Skårsetter. Av eit skattemantal frå 1610 går det tydeleg fram at Golik Holme betalde skatten i gruppa for "Halfue Gaarde" med 1 rd. Ti år seinare er Holme framleis bygselbruk under krona, og leiglendingen der heitte da Amund Holme. To år seinare er det elles opplyst at det var to brukarar på Holme: Golik og Amund. Golik og Amund Holme vart da dømde til å betale 1 mark sølv kvar for "gjerdesgard de avbrente for sin granne Eivind Ersgard". –

I 1630 var det Iver og Amund som var bygselbønder på Holme. Dei svara da 1 rd. for halding av bygsla. Etter atter 27 år hadde det i 1657 vorte to Holmegardar, og Ivar var brukar på den eine og Lauritz på den andre. Det er vidare fortalt at buskapen hos Ivar var 2 hopper, 7 naut, 3 sauer, 4 geiter og 1 gris, men Lauritz hadde 2 hopper, 8 naut, 3 småkrøter og 1 gris. Elleve år seinare kom i 1668 den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Holme fortalt at landskylda av garden var 2 huder eller 3 pund smør. Holme var da Cannonigods og låg til Laurids Christensen på Bragenes, men leiglendingane hans på Holme var Iver og Tore. Elles er det da om Holme fortalt at enga, innmarka der var god, at det var skog nok tilgards bruk og noko til tømmer, og at garden hadde seter og sommarbeite til krøtera på Melsjø seter. Buskapen av store husdyr på Holme-gardane tilsaman da var 4 hestar og 24 naut, og korntiende vart tilsaman utreidd med 3 tdr., som altså svara til ei årsavling på 30 tdr. – Om Iver og Tor Holme er det elles opplyst at dei ved tinget på Mælum i Fåberg den 29. Mars 1664 var vorte tilsett av fogden "i følge Kongens skydsforordning til at være skydsforskaffere". Garden deres, Holme, låg sers lugomt til for det.

Den 3. novbr. 1682 var det arveskifte på "Holme i Faaberg". Den døde var husbonden Thor Holme, og skiftet vart administrert av hr. Helle Christensen. Frå dette skiftet har vi elles fleire detaljerte opplysningar som vi her nemner nokre av: Thor Holme hadde såleis ått for 3 skinn jordegods i Alvsberg. Av dei registrerte husdyr ved skiftet var det i alt 8 kyr, som kvar vart verdsett for 2-3 dalar. Det er nemnt at ei ku var kvit, ei var raudsida, ei var rauddropla. Ei raud merr vart verdsett til 4 dlr., ei raud kvige til 1 dlr. 4 ort, ei vaksen geit til 1½ort. 6 tdr. korn vart i alt verdsett til 6 dlr. 3 ort, ei jerngryte til 1 rd., 1 korde og 1 børse til 2½ rd. Arvbuett utgjorde brutto 51 rd. Av dette fekk enka ca. 25 rd. og kvar av dei 4 borna ca. 6 rd. Namna på dei 4 borna var: Ole, Hans, Anne og Guri.

Kring 30 år seinare hadde i 1718 Johannes Iversen fått søskenskjøte på garden Nordre Holme og kunne ta over som odelseigande bonde på sin eigen gard. Året etter er Syver Holme omtala. Han var da visstnok brukar og kanskje eigar av Søndre Holme. – To år seinare fekk elles Johannes Holme bygselseddel frå fogden på "en græsløkke ved Qverndahlen sæter som før har ligget til Hindklev og derfra omtusket". Den nye brukaren skulle årleg svara 2 skl. i bygselpenger.

Året etter kom i 1723 det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Holme nordre fortalt at husbonden Johannes Iversen ganske riktig var både eigar og brukar av garden, som da hadde ei matrikkelskyld på 1 hud. Det er vidare fortalt at garden ligg i sollia og er lettbrukt. Jordarten er god, men noko steinet. Det er oppgitt at det var lite eller ingen skog, men seter med god hamn og utslåtter til 2 lass høy. Den årlege høyavlinga utgjorde kring 20 lass. Samtidig er det fortalt at Syver Kristensen var eigar og brukar på Holme søre også av skyld 1 hud. Like eins var buskapen der som på Holme nordre: 2 hestar, 12 naut, 16 småkrøter, og den årlege utsæden var på kvar av gardane: 3 tdr. 4 skjepper bygg og litt rug. Om Holme søre er det dessutan opplyst at garden hadde skog til brenneved og gjerdefang, og at Holme søre også hadde eiga kvern, sikkert i Mesna-elven.

I "Nordenstuen på Holme" var i 1717 husfrua Margrete Lauridzdr. død, og det var skifte etter henne. Ved dette skiftet utgjorde dødsbuet brutto 118 rd. og netto 52 rd. Det er opplyst at jordgodset i den påbuande garden da var medrekna. – arvingane ved skiftet var forutan enkemannen i 2. ekteskap, Tosten Guliksen, dei 5 borna i 1. ekteskap. Av dei var Iver Pedersen da 25 år, broren Oluf var 21 år, broren Amund 19 år, søstera Guri var gift med Johannes Iversen, og søstera Kari var 18 år og enda ugift.

I 1723 fekk verbroren, Johannes Iversen, skjøte frå søskena til kona si, Guri Pedersdr., på grd. Nordre Holme for sum 100 rd. I samband med handelen lånte kjøparen, Johannes Iversen, 100 rd. av far sin, Iver Tråset.

Guri Pedersdr. Holme døde elles alt i 1723, og det er opplyst at ho og Johannes Iversen hadde 3 born: 1. Sidsell, som var 8 år, 2. Peder, som var 4 år, 3. Ellen, som var ½ år. – Johannes Iversen Holme gifta seg så oppatt med Anne Paulsdr. og fekk 4 born i sitt 2. ekteskap.

Johannes Arnesen var framleis brukar på Holme nordre i 1747. Han fekk da bygselseddel frå fogden på "hans sæterløkke på Storqvandalen" mot 2 skl. for 1 lass høy.

Men i 1748 var Johannes Iversen død, og de var skifte etter han på "Holme Nord i Stuen".

Ved dette skiftet utgjorde dødsbuet brutto 345 rd. og netto 113 rd., og det er opplyst at jordgodset i Nordre Holme av skyld 1 hud var medrekna i buet. – Arvingane ved skiftet var forutan enka, Anne Paulsdr., dei før nemnde borna i Johannes sitt 1. ekteskap og dei 4 sønene hans i ekteskapet med Anne Paulsdr. Dei 4 sønene var: 1. Paul, som da var 24 år, 2. Torger, som var 15 år, 3. Ole, 14 år, 4. Jacob, som var 7 år. – Året etter fekk samsøskenskjøte på grd. Nordre Holme av skyld 1 hud for kjøpesum 200 rd.

Paul Johannessen hadde og brukte Holme nordre til i 1757. Da gav han skjøte til "odelsmann Ole Olsen (nu på Roe under Lysgaard) på sin gård Nordre Holme skyldende med bøxel 1 hud for sum (summen mangler i manuskriptet) rd." + føderåd til gamle Anne Paulsdr. for levetida. Kjøparen Ole Olsen lånte i samband med handelen 403 rd. av sorenskriver Jens Ziegler mot årleg rente 5% og 1. pr. pant i Holme.

I 1766 var Ole Olsen Holme død, og Ole Iversen overtok Holme nordre av skyld 1 hud, - Ole Iversen hadde elles ikkje garden lenger enn 4 år. Da skjøta han i 1770 garden Nordre Holme til Paul Johannesen Søndre Lunde for kjøpesum 565 rd. – Kjøparen Paul Johannessen hadde heller ikkje garden meir enn i 8 år. Da gav han i 1783 skjøte til sonen sin Johannes Paulsen, som og hadde odelsretten til garden Holme nordre. Kjøpesummen var da 468 rd, + føderåd til foreldra Paul Johannessen og Marie Jonsdr. Av grdn. Nordre Holme i Fåberg. Frå 1795 er eit skifte på "Holmjordet i Faaberg". Den døde var der Mari Guttormsdr. Som hadde vore gift med Jacob Johannessen. Dødsbuet utgjorde brutto 60 rd. og netto 49 rd. Enkemannen Jacob og sonen Kristen, som da var 17 år, var dei einaste arvingane. Holmejordet skal, etter det Gudbr. Fliflet, har opplyst, ha vore eit husvære under Nordre Holme.

Etter dette var det ved folketellinga i 1801 Johannes Paulsen og hustru Kari Olsdr. som var husbondsfolk på Nordre Holme. Det budde da 3 familier på og ved garden. Det var: familie: 1. Johannes Paulsen, husbonden, 38 år, 2. Kari Olsdr., kona hans, 50 år, 3. Kirsti Johannesdr., dotter deres, 13 år, 4. Mari Johannesdr., dotter deres, 9 år, 5. Ole Engebretsen,

tenestkar, 21 år, 6 Sidsill Christensdtr., tenestkvinne, 40 år, 7 Gunnil Larsdtr., tenestekvinne, 21 år. 2. familie: 1. Paul Johannessen, far til husbonden, føderådsmann, 78 år, 2. Mari Gøinsdtr., føderådskone, 76 år. 3. familie: Jacob Johannessen, husmann med jord, 62 år, 2. Kari Kristensdtr., kona hans i 2. ekteskap, 50 år, 3. Kristen Jacobsen, son av Jacob og Mari i 1. ekteskap. Kristen (Holmejordet) var da 23 år.

Johannes Paulsen hadde Holme nordre til i 1806. Da skjøte han garden til svigersonen sin, Peder Torgersen Dalen og dotter si Kirsti Johannesdtr. På grd. Holme nordre av skyld 1 hud for kjøpesum 1750 + føderåd til seljaren og kona hans, Kari Olsdtr. Tre dagar seinare gav vidare Johannes Paulsen særskilt skjøte til Peder Torgersen på ”løsoere, med hestar, fæ og andre kreaturer samt sædekorn for 300 rd.” Dette skjøte, som elles gir fleire opplysningar av interesse, er i ei samantrent utskrift sålydende:

”Holme.

Skjøte dat. 1806, septbr. 18. Tgl. 1807, juni 17.

fra Johannes Paulsen Holme til Peder Torgersen Dalen på løsoere med hester, fæ og andre kreaturer samt sædekorn, som skal bli ham overleveret 14. april 1808 for 300 rd. Til samme tid skal Johannes Paulsen sette istand den nye stuebygning med indredning, vinduer, muring og kjelder, hvortil Peder Dalen leverer som bidrag 20 rd. samt koster kjøtet og kontrakten. Dog forbeholder han for sin yngste datter en del sengklær, nemlig: 1 dyne og hovelau, 2 skindfelder og 1 laken.”

Ja, dette var litt frå den tid da den nye stugubygningen på Nordre Holme vart bygd i 1807-08- I 1819 kom det nye matrikkelframlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Nordre Holme fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 3 hestar og 12 naut, og at årsavlinga av korn var kring 45 tdr. Det er dessutan oppgitt at Holme nordre også hadde ein husmannsplass med brukande jord. Ved matrikuleringa av gardane i 1839 vart skylda på gardane justert og omrekna i skylddalar, ort og skilling. Den nye matr.skylda på Nordre Holme vart da sett til 6 dalar 1 ort 8 skilling, og det var da Peder Torgersens enke som var eigar og brukar av garden.

Frå mellomtida er elles ei semje av 1821 mellom Peder Torgersen Holme og Amund Jonsen Moen om skjellet mellom gardane deira, Holme og Moen.

I 1840 var Peder Torgersen død, og enka hans, Kirsti Johannesdtr. gav da kjøte på Nordre Holme til sonen sin Johannes Pedersen. Med i denne handelen var og plassen Hansbakken under Holme nordre. – Frå sju år seinare er eit kommisjonsforlik mellom brørne Johannes og Hans Pedersøner om den rett broren Hans hadde til å få bu på Nordre Holme. Kanskje hadde dette ein grunn i at postfører Hans Evensen med familie i 1847 var flytte inn på Holme nordre.

Johannes Pedersen f. 1811, som i 1841 hadde tatt over som brukar på Holme nordre, var gift med Kristine Sophie Flygstad f. 1822, og dei fekk seks born. Det var: 1. Karen f. 1842, 2. Even f. 1846, 3. Nils f. 1848, 4. Thea f. 1850, 5. Syverine f. 1855, 6. Edvard f. 1857.

Ved ei eksekusjonsforretning i 1851 vart Nysetra, som før hadde hørt Nordre Holme til, taksert for 50 rd. gjeld og overført til Amund Pedersen Ihle i Øyer. Ved ei skylddelingsforretning i 1857 vart eit jordstykke kalla Holmhagen fråskilt garden og selt til cand.med. U.F.M. Poppe for 500 spd., - Året etter vart ein annan parsell kalla Storhagen av skyld 1 ort 11 skilling fråskilt Holme nordre og seld til Ole Larsen Bergebakken for sum 250 spd. Ved skylddelingsforretning i 1861 vart ein del av åkeren på garden skyldsett til 2 ort 16 skilling og seinare fråskilt garden.

Ved folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det om Nordre Holme fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid var 212 mål, og av dette var 93 mål jord av 1. klasse. Under Holme nordre er dessutan

ført 5 andre bruksnr.: 1. Nysetra med eit jordbruksareal på 8 mål, som I. B. Dagsveen da brukte, 2. Storhagen med eit jordbruksareal på 27 mål som låg til O. Larsen, 3. Kjøpmann Fagstads parsell, areal ca. 20 mål, 4. Hans Pedersens parsell, areal ca. 6 mål, 5. Brunechs parsell, areal 27 mål og av det 12 mål jord av 1. klasse. Etter andre kjelder er det samtidig opplyst at husdyrhaldet på Nordre Holme med husmannsplassar i 1865 var: 3 hestar, 14 storfe, 23 sauer og 10 geiter. Ført på same måten var utsæden på Nordre Holme og husmannsplassane tilsm. 13 tdr. korn og 8½ td. settepoteter.

Etter kgl. Resolusjon av 7. august 1827 var Lillehammer vorte eit kjøpstadanlegg. Det førde med seg at fleire framande flytte til, og at det stadig var spurnad etter tomtegrunn til bustadhus og verkstader av ymse slag. Dette merkast ikkje minst i Holmegardane, som vart liggjande i byggebeltet for den nye kjøpstaden.

I 1861 hadde såleis U.F.M. Poppe gitt skjøte til ritmester Bruenech på Holmhagen med div. lausøyre for kjøpesum 1 500 spd. Men i 1876 var Ritmesteren død, og enkefru Bruenech skjøta da Holmhagen til Simen Olsen, som i 1888 selde egedomen til hoteleigar Lars Johansen for kr. 4 000,-.

I 1861 var det og handel med sjølve hovudbruket Nordre Holme med Hornsjøen seter i Øyer. Enka Kristine Nilsdtr. Holme gav da skjøte på ættegarden Holme til sonen sin, Nils Johansen, for kjøpesum kr. 8000,- og dessutan føderåd til 5-årleg verdi kr. 2 000,-. Fem år seinare kom i 1886 den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre. – Holme i Fåberg fekk da gardsnr. 52 med ei samle skyld på 34,21 mark, og det var alt da 15 bruksnr. under gardsnr. 52 Holme. Av dei er Holme nordre av skyld 12,06 mark innført som bruksnr. 11, og eigar og brukar av garden var framleis Nils Johannessen Holme. Bruksnr. 12 Nysæteren av skyld 0,31 mark tilhørde da Iver Børresen Dagsveen, br.nr. 13 Holmhagen, skyld 1,24 mark, var det Simen Olsen som eide, på br.nr. 14 Holme nordre med Storhagen, skyld 0,49 mark, var Ole Larsen Bergebakke eigar ell. brukar, og på br.nr. 15 Holme nordre av skyld 0,24 mark var Hans Pedersen eigar ell. brukar.

Sytten år seinare gav i 1903 Nils Johannesen skjøte til Peder Johannesen på Nordre Holme med Hornsjø seter i Øyer for kr. 12 000,- og føderåd av 5-årleg verdi kr. 1 250,-. Med i handelen var da husdyr og lausøyre for tilsm. Kr. 3 000,-. Same året vart parsellen br.nr. 19 Hansbakken fråskildt garden og selt til Anton Olsen Hansbakken for kr. 1 000,-. Seinare vart br.nr. 21 parsellen Sommerro og br.nr. 22 parsellen Solhaug, baa av skyld 0,02 mark, også fråskilde garden.

Av dei mange handlar med garden eller parsellar av garden Nordre Holme i seinare tid tek vi elles med dette:

Hotelleigar Lars Johansen hadde i 1888 kjøpt br.nr. 123 Holmhagen, som han i 1892 selde til kjøpm. Ludv. Bergseng. Bergseng hadde så egedomen i mange år. Men i 1906 gav enkefru Agnes Bergseng skjøte til Cand. Pharm. R. Sjøgaard, som i 1910 selde egedomane sine i Fåberg og Lillehammer for tilsm. kr. 36 000,-.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det i alt vorte 114 bruksnr. under gardsnr. 52 Holme. Av desse mange bruksnr. var det da likevel berre 2 bruk unna Nordre Holme som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: 1. gr.nr. 52, br. Nordre Holme med eit jordbruksareal på ca. 100 mål, som J. og M. Holme da var eigarar av, og 2. br.nr. 14 Storhagen, areal ca. 25 mål, som Karl Rønning da var eigar og brukar av.

**På Holme søre**

var det 1723 arveskifte etter husbonden Syver Christensen. Ved dette skifte åtte dødsbuet 6 skinn jordegods i garden og utgjorde omrekna i pengar brutto 292 rd. og netto 273 rd. Arvingane ved skiftet var, forutan enka Marit Iversdtr., det einaste barnet i ekteskapet: dattera Beret, som var 12 år. – Enka, Marit Iversdtr., hadde før vore gift med Ole Thoresen og hadde med han dottera Kari. Enka Marit gifta seg og oppatt til sitt 3. ekteskap (med Gunder Asbjørnsen), men dette ekteskapet var barnlaust. Sjølv levde den kjende husfrua Marit på Holme enda i 10 år til ho døde i 1733. Av skiftet etter henne går det fram at da var dottera Kari Olsdtr. , gift med Erik Willumsen Skinstakrud, og dottera Beret var gift med Kristen Pedersen Langset.

Same året, altså i 1733, gav elles Kristen Pedersen skjøte på vegne av kona si og Gunder Asbjørnsen til svogeren Erik Willumsen på garden Søndre Holme i Fåberg for sum 75 rd. – Ni år seinare lånte Erik Willumsen 130 rd. av Jon Borud og Ener Lillebakke mor 1. pr. pant i ”Holme Sør i Stuen” av skyld 1 hud. Ein merker seg at landskylda av Holme søre altså var like stor som for Holme nordre, 1 hud av kvar gard.

Erik Willumsen var framleis brukar på Holme i 1749. Han og Kristen Pedersen hadde da ei rettssak mot Peder Storberge. Men 18 år seinare vart sonen Ole Eriksen Holme vorte brukar på garden. Han lånte da 320 rd. av Ole Seter på Ringsaker og Jon Borud mot pant i Holme søre framleis av skyld 1 hud. I 1760 er elles Kristen Pedersen kalla Kristen Pedersen Holmestuen, og han budde truleg der. Om Holmestuen handlar og eit skjøte som i ei samantrengt utskrift har denne ordlyden:

”Holmestuen.

Skjøte dat. og tinglest 9. oktober 1763,

Fra Ole Erichsen boende på gården Holme i Fåbergs prestegjeld til hr. Jonas Elg på et under hans gård Holme beliggende jord og mark Holmestuen kaldet med videre av et eng dernest beliggende for sum 120 rd.”

Jonas Elg som her er nemnd var serleg kjend som ein dugande koppersmed.

År 1766 var det atter skifte på Søndre Holme. Den økonomiske stoda var då dårleg, og skiftet vart administret av sorenskrivar Nygaard. På grunn av stor gjeld vart garden seld ved auksjon, og kjøpar ved tilsalget var enka Beret Olsdtr. Holme. Kjøpesummen var 465 rd., ”hvilke penge igjen blev utloddet til boets kreditorer”, som det står bokført. – Ti år seinare var det Lars Tordsen Holme som hadde garden. Men han selde da Holme søre til Torger Torgersen Bue for kjøpesum 850 rd. + føderåd til Lars Tordsen og kona hans. (Om gards- og familienamnet Bue merker ein seg elles at Bue er ei skriveform, og at namnet i bygdemålet vart uttala Bu).

Innan slekta var det i denne tid ein bitter strid om odelsretten til garden, og ved dom av 8. oktbr. 1779 vart Ole Olsen Holme tildømt å vera rette odelsmann. Med i dommen var og at Ole Olsen skulle overta garden for løysningssummen 850 rd. med føderåd. Odelssaka på Holme vart elles ikkje avgjort med det, og vi tek her med også domen i ei odelssak frå 3. mai 1790. Domen i dei to odelssakane lyder etter utskrift slik:

”Holme i Fåberg.

8. oktbr. 1779

Odelssak mellom Anne Olsdatter. Holme og Asbjørn Jørgensen Holme.

Anne Olsdatter lot ved prok. Wiborg tilkjennegi at hun hadde inngått forlik med innstevnte Asbjørn Holme.

Asbjørn Holme at han for å unngå prosess hadde inngått følgende forlik med citanten ved verge Ole Aanerud:

1. Asbjørn Holme overdrager pl. Erlandstuen med tilliggelser til citantinnens bror Ole Olsen Holme for hans levetid.
2. Asbjørn Holme betaler citantindens formentlige odelsrett med 55 rd.
3. Asbjørn Holme tilbyder sig å betale sorenskriveren hans tilkommende efter sportelreglementet og 6 rd. til citantindens fullmektig Wiborg.

Citantinden Anne Olsdatter, hennes forsvarer Ole Aanerud og hennes bror Ole Olsen vedgikk dette forlik. Eragtet: Foreningen stadfestes, forsåvidt den ikke strider mot lov og ærbarhet.”

Slike odels saker skapte mye vond strid innan ætta. Og billege vart dei heller ikkje.

I 1790 gav så vidare Johannes Erichsen odelskjøte til Asbjørn Jørgensen Holme på grd. Holme søre for 200 rd.

Etter dette budde det i 1801 seks familier på Søndre Holme:

Det var: 1. familie 1. Asbjørn Jørgensen, husbonden, 65 år, 2. Ingebor Iversdtr., kona hans, 54 år, 3. Beret Asbjørnsdtr., dotter deres, 29 år, 4. Anne Asbjørnsdtr., dotter deres, 16 år, 5. Berte Asbjørnsdtr., 14 år, 6. Christence Asbjørnsdtr., 12 år. 7. Ole Kristensen, legdbarn, 5 år, 8. Nils Michelsen, tenestkar, 23 år, 9. Peter Fredriksen, tenestkar, 16 år. 2. familie: 1. Lars Tordsen, føderådsmann, 73 år, 2. Berit Olsdtr., kona hans, 70 år. 3. familie: 1. Anders Larsen, innerst utan jord, gjørtler, 25 år, 2. Johanne Kristensdtr., kona hans, 24 år, 3. Berthe Andersdtr., dotter deres, 3 år, 4. familie: 1. Arne Madsen, husmann med jord, 30 år, 2. Sidsill Asbjørnsdtr., kona hans, 24 år, 3. Peder Arnesen, son deres, 3 år, 4. Marit Arnesdtr. 1 år, 5. Mari Olsdtr., tenestkvinne, 38 år. 5. familie: 1. Peder Olsen, husmann med jord, 65 år, 2. Gjertrud Olsdtr., kona hans, 61 år, 3. Ole Pedersen, son deres, ”Gevorben Soldat”, verva soldat, 19 år, 6. familie: 1. Gudmund Knudsen, husmann med jord, 41 år, 2. Berit Andersdtr., kona hans, 46 år, 3. Anders, son deres, 7 år, 4. Rønnaug, dotter deres, 3 år.

Atten år seinare kom i 1819 det utarbeidde matrikkelframlegget for Fåberg med fleire og nyare opplysningar om gardane. Der er det om Holme Søndre fortalt at buskapen av store husdyr på garden i den tid var 3 hestar og 12 naut, og at den årlege kornavlinga var 45 tdr. – Dessutan er det om bruket Holmløkken oppgitt at det var buskapen 4 naut og kornavlinga ca. 6 tdr. - To år seinare gav i 1821 Jørgen Asbjørnsen skjøte til sonen Asbjørn Jørgensen d.y. på grd. Søndre Holme for kjøpesum 1 000 spd.

Etter atter atten år var ved matrikuleringa av gardane i Fåberg i 1839 Asbjørn Jørgensen framleis brukar på Holme søre og Holmestuen (Løkken) med Rognerud engeland tilhørde da prokurator Jørstad.

Ved justeringa av matrikkel skylda vart skylda på kvar av Holmegardane sett til 6 skylddalar 1 ort 8 skilling, og matr. skylda på Holmestuen vart sett til 4 ort 7 skill.

I 1830-åra var det to arveskifte på Holme søre. I 1834 var husfrua, Anne Olsdtr., død og skiftet var på ”Holme i Lillehammer, Faaberg”. Av dette skiftet går det fram at husfrua Anne Olsdtr. hadde vore gift to gonger, først med Christen Olsen, som var død, og så med Asbjørn Jørgensen. Ho hadde hatt born i baa ekteskap, og borna var: av 1. ekteskap: 1. Ole Christensen, som da var 32 år, 2. Torsten Chistensen, 30 år, av 2. ekteskap: 3. Christen Asbjørnsen, 18 år, 4. Børre Asbjørnsen, 12 år, 5. Johanne Asbjørnsdtr., 16 år. Det er vidare opplyst at ved skiftet var jordegodset grdn. Holme taksert for 800 spd., og arvebuet utgjorde brutto 1114 spd. og netto 396 spd. – Tre år seinare var det i 1837 atter skifte på ”Holme i Lillehammer, Faaberg”. Den døde var da gamle Jørgen Asbjørnsen, som hadde vore gift med Boel Ambrosiusdtr. Dei hadde og hatt 5 born i sitt ekteskap. Det var 1. Asbjørn, som da var brukar på Holme. 2. Ambrosius, 3. Marte, som da var gift med Ole Nordhove, 4. Anne, g.m. Ole Sørlien på Brøttum, 5. Berte, som var død, men som hadde vore gift med kopparsmeden Jonas Elg på Lillehammer. Dei hadde ei dotter, Ingebor Jonasdtr., som da var 10 år.

Hopper ein så atter 20 år framover i tida, så var det i 1857 ei skylddeling slik at Holme søre vart delt i to like store bruk, og den eine av desse vart snart kalla Holme nedre. Samtidig fekk

sonen Andeas Asbjørnsen skjøte på Søndre Holme for kjøpesum 1000 spd. + halvdelen av tvende føderåd verdsett for 5 år til 1225 spd. Same året var det og utskifting av skogen på Melsjøen seter. – Frå denne tid vart etter kvart fleire og fleire parsellar av Holmegardane skyldsette ifrå og selde m.a. til hustuffer. Eller parsellane vart bortbygsla. I 1861 fekk såleis Frederik og Andreas P. Holme bygselkontrakt på 1 mål byggegrunn ”for bestandig” mot årleg avgift 7 spd. Samtidig fekk Simen Olsen Holmehagen kontrakt på 1 mål jord til byggegrunn, også for bestandig, mot å svare i årleg avgift 6 spd. 24 skill. ”samt 4 maal Skuur”. Frå 1863 er eit kommisjonsforlik der Johannes Asbjørnsen og hustru fekk ”Pladsen Storhagen til Brug og Bebyggelse”.

Ved folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det om garden Søndre Holme fortalt at på den delen av garden som Andreas da brukte , var det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer 157 mål, og av dette var 85 mål av 1. klasse. Dessutan var dei tilsvarande tal på den delen av Søndre Holme som da K. Morterud brukte: 73 mål og 49mål jord, på den parsellen som Asbjørn Storhagen hadde: 28 mål og 4 mål, på parsellen til M. Fougner: 27 mål og 12 mål og på C. Andersens parsell 16 mål og 4 mål. Vidare er det oppgitt at dei tilsvarande tal for bruket Løkken, Holmeløkken, var 43 mål og 22 mål. Av andre kjelder frå same tid er det dertil opplyst at det samla husdyrhaldet på Holme søre med husmannsplassar da var: 3 hestar, 13 naut, 13 sauer og 13 geiter, og den årlege utsæden på garden med husmannsplassar var: 5½ tdr. korn og 7 tdr. settepoteter Dessutan vart det på Holmgaard sett 3 tdr. poteter, hos Morterud: 15 tdr. poteter og hos Hougner sådd og sett: 1½ tdr. korn og 9 tdr. poteter.

At vi her nærmer os den tida da spesidaler vart skifta ut mot kroner går fram av to elles nokså likelydande kontrakter: I 1874 fekk Ole Halvorsen Knutrud kontrakt på 1 mål byggegrunn mot årleg avgift 5 spd. Seks år seinare fekk Ole Kristensen Korgen bygsel på 1 mål byggegrunn mot ”aarlig Afgift af Værdi 28 kr.”.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre. Holme i Fåberg fekk da gardsnr. 52 av samla skyld 34,21 mark, og det var alt da 15 bruksnr. under gardsnr. 52 Holme. Av desse 15 bruksnr. hørde da dei 10 første til under Holme søre. Det var: Gr.nr. 52, br.nr. 1 Holme søndre av skyld 8,69 mark, der Andreas Asbjørnsen i den tid var eigar eller brukar, br.nr. 2 Srorhagen, eigar ell. brukar: Andreas Asbjørnsen, br.nr. 3 Havneengen, eigar ell. brukar: Andreas Asbjørnsen, br.nr. 4 Holme nedre, eigar ell. brukar: A. G. Halmrast, br.nr. 5 Holme nedre , eigar ell. brukar Alexander Andersen, br.nr. 6 Holme nedre, eigar ell. brukar: kirkesanger Hougner Børn , br.nr. 7 Holme nedre og Løkken, eigar og brukar kjøpm. A. O. Fagstad, br.nr. 8 Holme nedre, eigar ell. brukar madame S. Ormsrud, br.nr. 9 Holme nedre eigar ell, brukar Mathias Morterud, br.nr. 10 Holme nedre, eigar eller brukar sogneprest Hans Wølner.

Seks år seinare gav i 1892 Andreas Andersen Holme skjøte til lærar Even Reenaas på gr.nr. 52, br.nr. 1 og 3 Holme, da av skyld 8,69 mark for kjøpesum kr. 23 000,- + overtaking av føderåd til Kristian Asbjørnsen. Av handlar med gardane Holme og parsellar av gardane i seinare tid vart det etter kvart så mange at det her vil føre for vidt å ta alle med.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det i alt vorte 114 bruksnr. under gardsnr. 52 Holme. Av desse mange bruksnr. var det da likevel berre 4 bruk unna Holme søre som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: 1. gr.nr. 52, br.nr. 1 og 3 Holme søre med eit jordbr.areal på ca. 25 mål, der Lars Reenaas da var eigar og brukar, 2. gr.nr.52, br.nr. 6 Homeløkken, areal ca. 20 mål, eigar Kristen Kaas, brukar Joh. Iversen, 3. gr.nr. 52, br.nr. 7 Nedre Holme, areal ca. 15 mål, eigar og brukar Ole Skjerven, 4. gr.nr. 52. br.nr. 10 Kvandalen, areal ca. 12 mål, eigar og brukar Ole Nyløkken.